

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 19.04.2006
Sakshandsamar: **Erik M. Hansen, Helse Vest IKT AS**
Saka gjeld: **Årleg melding 2005 Helse Vest IKT AS**

Styresak 044/06

Styremøte 03.05. 2006

Bakgrunn

Viser til styringsdokumentet for Helse Vest IKT AS, jfr sak 010/05 handsama i styret for Helse Vest RHF i møte 02.02.2005.

I punktet om rapportering, jfr. punkt 5, er det teke inn fylgjande; *Helse Vest IKT AS skal i årleg melding rapportere på oppfølging av styringsdokumentet frå Helse Vest RHF.*

I vedlegg 1 til denne saka er "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT AS for 2005" lagt fram.

Samordningsvinstar

Selskapet sitt årsresultat etter skatt var negativet med kr. 7,2 mill. etter at det er teke omsyn til skatt på til saman kr. 1,5 mill. Årsaka til at selskapet kjem i skatteposisjon til tross for negativt resultat er knytt til differansar mellom rekneskapsmessig avskrivingar og skattemessige avskrivingar.

Ved etableringa av Helse Vest IKT AS vart det lagt til grunn at selskapet ikkje ville bli skattepliktig fordi selskapet ikkje har erverv som formål, jfr. vedtektene. Krav om skattefritak er til handsaming. Bergen likningskontor har vurdert krav om skattefritak og meiner at selskapet er skattepliktig. Helse Vest IKT AS har gitt nye saksopplysningar i saka og avventar tilbakemelding frå likningskontoret.

Det vert lagt til grunn at selskapet sitt resultat i høve estimerte samordningsvinstar vert basert på resultatet før skatt.

I forarbeidet til etablering av Helse Vest IKT er det estimert samordningsvinstar på 15,9 mill. kr. i 2005, aukande til 48,5 mill. kr. frå 2009. I budsjettet for Helse Vest IKT for 2005 vart estimert samordningsvinst på 15,9 mill. kr. trekt frå. Av det negative resultatet før skatt på 5,7 mill. kr., er 2,5 mill. kr. ei fylgje av endra føresetnader med omsyn til prosjektkostnader som ikkje kunne aktiverast. Resultatet viser dermed at det er henta ut samordningsvinstar gjennom

2005 på 12,7 mill. kr. I tillegg kjem samordningsvinstar som ikkje har hatt direkte resultateffekt, t.d. som fylgje av endringar i tenesteomfang og tenestekvalitet.

Dette gjev eit etterslep med omsyn til samordningsvinstar på 3,2 mill. kr. Erfaringane syner at samordninga tek meir tid enn venta på nokre områder, særleg samordning av system. Av den grunn vil vinstane kunne framkome seinare enn venta. Det vert difor tilrådd at etterslepet vert henta inn over perioden fram til 2009.

Forslag til vedtak

1. Styret godkjenner "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT AS for 2005".
2. Styret for Helse Vest RHF vil understreka at dei årlege samordningsgevinstante må betraktast som retningsgjevande, men at målet om innsparing på 48,5 millionar kr. etter 5 år står ved lag.
Etterslepet på samordningsvinstar på 3,2 mill. kr. må såleis hentast inn over perioden fram til 2009.